

TILRETTELAGT TRANSPORT I SOGN OG FJORDANE

RETNINGSLINJENE GJELD FRÅ 01.01.2018

1. Formål

Transportteneste for funksjonshemma, TT-ordninga, er eit tilbod om drosjetransport til personar busett i Sogn og Fjordane som grunna varig funksjonshemming har store vanskar med å nytte ordinære kollektive transportmiddel. Transporttilbodet skal bidra til at dei skal kunne leve eit så aktivt liv som mogleg.

2. Godkjenning av brukarar

TT er et tilbod til dei som har behov for spesialtransport, fordi dei, ut frå funksjonshemming, har store vanskar med å nytte det kollektive rutetilbodet på sin heimstad.

2.1. Kriterier for brukargodkjenning

For å bli godkjend som brukar skal det være direkte samanheng mellom varig funksjonshemming og evna til å bruke kollektive transportmiddel.

For å få innvilga søknad om TT må søkjar ha funksjonshemming som varer minimum eitt år.

Følgjande kan gi grunnlag for godkjenning, når andre føresetnader er oppfylt:

- A Blinde og sterkt svaksynte. (Synsstyrke 0.33 - 6/18 Folketrygdloven)
- B Personar som er avhengig av rullestol.
- C Personar med psykisk utviklingshemming, individuell vurdering etter funksjon.
- D Andre personar med funksjonshemming, individuell vurdering etter funksjon.

Person som er godkjend som TT-brukar i Sogn og Fjordane, men som flyttar innan fylket, treng ikkje å søkje på nytt. Brukarar som er godkjend som TT-brukar i anna fylke, må søkje om ny brukargodkjenning ved flytting til Sogn og Fjordane.

2.1.1 Kriterier som ikkje er grunnlag for godkjenning

- Mangel på kollektivtilbod på heimstaden
- Naturleg alderdomssvekking
- Tidsavgrensa funksjonshemming
- TT-ordninga er ei individuell ordning, og brukarrettane kan ikkje tildelast ein institusjon. Bebuarar på institusjonar kan godkjennast på individuelt grunnlag om dei tilfredsstillar dei andre kriteria.
- Som hovudregel godkjennast ikkje personar som har tilgang til eigen bil, eller har fått stønad til bil etter lov om folketrygd. Rullestolbrukarar og blinde/svaksynte skal godkjennast utan omsyn til mottak av eventuell grunnstønad til transport/stønad til eigen bil frå folketrygda.
- Det kan i særskilte tilfelle, etter streng vurdering, gjerast unntak.

2.2 Søknadsprosess

Personar med funksjonshemming som ønskjer å bli med i TT-ordninga, må søke bustadkommunen sin om å bli godkjende som brukarar. Bustadkommune vert definert ut frå adressa vedkomande er registrerte med i folkeregisteret.

Søkarar må nytte standardisert søknadsskjema.

Det skal leggst ved erklæring frå lege/spesialist på standardisert skjema. Slik erklæring skal innehalde ei vurdering av kor vanskeleg det er å nytte kollektive transportmiddel, inkludert serviceskyss. Erklæringa vert eit hjelpemiddel for kommunen når ein skal vurdere søkjarar.

Kommunen behandlar søknaden og fattar vedtak.

Klage på vedtak skal rettast til kommunen og skal behandlast som klage på enkeltvedtak etter forvaltningslova § 28.

2.3 Oppheving av godkjenning

Godkjenninga skal opphevast av kommunen dersom ein TT-brukar ikkje lenger fyller godkjenningsskriteria.

Personar som er godkjende som TT-brukarar, men som ikkje nyttar seg av ordninga innan tolv månadar kan trekkast ut av ordninga.

Godkjenningssnemnda skal gå gjennom godkjende brukarar årleg. TT-brukarar skal sjølve melde frå til kommunen dersom det er endringar hos dei som verkar inn på grunnlaget for godkjenning.

2.4 Prioritering av godkjende TT-brukarar

I dei tilfella der kommunen godkjenner fleire brukarar enn tildelt ramme, skal det opprettast ei prioritert venteliste.

2.5 Godkjenningssnemnd

Det skal opprettast ei godkjenningssnemnd med minimum to personar i kvar kommune. Nemnda bør ha minimum eitt medlem tilknytt helse- og omsorgstenesta i kommunen.

3. Tildeling

3.1 Frå fylkeskommunen til kommunane

Omfanget av Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt transporttilbod til TT-brukarar vert fastsett i dei årlege budsjetta.

Tildelingssummane til kommunane vert rekna ut frå innbyggjartal og avstand til kommunesenter/senter med kommunale tenester.

80 prosent av totalramma vert fordelt ut frå tal innbyggjarar i kommunane, medan 20 prosent vert fordelt basert kor langt det er frå der folk bur i kommunen til kommunesenteret.

Desse 20 prosentane vert fordelte med 5 prosent for del innbyggjarar som bur 10–20 km frå kommunesenteret, 5 prosent for 20–30 km, 5 prosent for 30–40 km og 5 prosent for del innbyggjarar som bur meir enn 40 km frå kommunesenteret.

3.2 Frå kommune til brukar

Kommunen fastset kvart år rettleiande grunnbeløp og tillegg for brukarar av TT-ordninga.

Standardbrukarar får tildelt eit grunnbeløp som er likt for alle brukarane i kommunen. I tillegg kan godkjenningnemnda tildele tillegg for særskilte brukargrupper.

Grupper som bør få ekstra tildeling er

- brukarar som bur langt frå kommunesenter/senter
- brukarar som treng spesialbil (rullestolbrukarar)
- blinde/svaksynte (synsstyrke 0.33 - 6/18 folketrygdlova)

4. Transporttilbodet

Brukarkortet er personleg, og innehavar av kortet skal vere med på reisa.

4.1 Formål for reisa

TT-ordninga er meint til fritidsreiser som kulturarrangement, sosiale aktiviteter og reiser til dagleglivets gjeremål.

Ordninga skal ikkje brukast til transportoppgåver som på annan måte, heilt eller delvis, vert dekkja av andre offentlege midlar, til dømes:

- reiser som skal dekkast av helseføretak/NAV
- eigendel ved reiser som vert dekkja av helseføretak/NAV
- reiser til/frå skule

4.2 Dør-til-dør tilbod

Reisetilbodet er eit dør-til-dør-tilbod.

4.3 Reise-område

Ei TT-reise skal bestillast hos ein transportør som har løyve til å drive persontransport mot vederlag.

TT-ordninga er i første rekke meint for reiser i bustadkommunen til brukaren, men brukaren kan også bruke kortet elles i landet.

Dersom kortet vert nytta hos transportørar som ikkje er del av TT-ordninga i Sogn og Fjordane, må TT-brukaren sjølv legge ut for transporten og få dette refundert frå kommunen.

Sogn og Fjordane fylkeskommune sine retningslinjer for TT-ordninga skal overhaldast når reisa vert gjort utanfor fylket.

4.4 Følgje i drosje

Dersom brukaren har med følgje, kan denne/desse reise gratis. Det vert ikkje stilt krav om følgjebevis.

Følgje må stige på og av på same stad som TT-brukaren.

5. Bruk av TT-ordninga

5.1 Brukarkort

Godkjende TT-brukarar, får eit personleg brukarkort. På kortet ligg ein reisekonto tilsvarande tildelte midlar frå kommunen gjeldande år.

Brukarkortet inneheld elektronisk informasjon som viser kva rettar brukaren har i TT-ordninga.

TT-brukaren må ved førespurnad kunne vise legitimasjon som samsvarer med registrert kortinformasjon. Kortet kan ikkje overdragast til andre.

Misbruk fører til inndraging. Tap av kort skal meldast til administrasjonen i bustadkommunen eller kortutferdaren som utferdar nytt kort. Kostnader for nytt kort vert trekt frå reisekontoen.

Brukaren pliktar å melde adresseendring til fråflyttings- og tilflyttingskommunen om han eller ho flyttar. Brukaren blir då meldt som brukar i ny heimstadkommune. Fråflyttingskommune melder dette vidare til kortutferdaren.

Unyttta kort (som følge av endra livssituasjon eller flytting) skal returnerast til kommunen.

Dersom gyldig brukarkort ikkje kan visast, skal det betalast ordinær takst for turen.

5.2 Reisekonto

Kommunen/fylkeskommunen vedtek kor stort beløp kvar enkelt TT-brukar får til disposisjon pr. halvår. Avhengig av tildelingsdato vert 50 prosent eller 100 prosent av beløpet overført til ein reisekonto som er i brukarkortet.

Det tildelte beløpet er berre disponibelt for det året det er tildelt. Brukarkorta vert nullstilt 01.01 kvart år. Beløpet som står igjen, vert sletta og tildelte midlar for neste periode vert tilførte.

For kvar tur skal det først betalast eigenandel, deretter vert beløpet på reisekontoen redusert med resterande kostnad for turen.

Saldo på kortet står på taksameterslippen etter utført tur.

Avrekning skjer via taksameter eller billettsystem og vert registrert i ettertid.

Reisekonto kan ikkje overtrekkast. Ev. overskytande beløp må betalast av brukaren.

5.3 Sein avbestilling

Transportutgifter som oppstår på grunn av for sein avbestilling, må dekkast av brukaren.

5.4 Eigenandel

Brukaren betalar 30 kr i eigenandel pr. reise.

5.5 Ikkje nytta midlar

Dersom kommunen ikkje nyttar alle tildelte midlar for TT-ordninga i løpet av året, kjem dei unyttta midlane til fråtrekk på neste års tildeling. Kommunen må overføre unyttta midlar til TT-ordninga påfølgjande år.

6. Administrasjon av TT-ordninga

TT-ordninga er ikkje eit lovfesta tilbod. Sogn og Fjordane fylkeskommune er ansvarleg for ordninga. Ordninga vert administrert av kortutferdaren, i samarbeid med fylkeskommunen. Den enkelte kommune kan bidra med midlar til ordninga, slik at brukarane i kommunen får eit betre transporttilbod.

6.1 Fylkeskommunale oppgåver

- Fastsette økonomisk ramme for TT-ordninga
- Fastsette tildeling pr. kommune
- Tildeling av ekstraordinære TT-midlar
- Utarbeide retningslinjer, nødvendige skjema, informasjonsskriv og brosjyremateriell
- Rettleie og informere kommunane om TT-ordninga
- Kontrollfunksjon for brukarkvoter og økonomi

6.2 Kommunale oppgåver

- Behandle søknadar og fatte vedtak om brukargodkjenning, og eventuelt prioritere brukarar på venteliste
- Innhente informasjon som er nødvendig for å vurdere søknadane
- Fastsette tildeling for kvar brukar
- Rettleie og informere brukarane om TT-ordninga
- Halde oversikt over brukarar som ikkje nyttar seg av ordninga over tid, slik at desse kan bli tekne ut av ordninga og avdekke brukarar som ikkje lenger har rett på TT
- Melde TT-brukarar inn og ut av ordninga
- Klagebehandling i høve forvaltningslova

6.3 Kortutferdar sine oppgåver

- Ansvarleg for drift og vedlikehald av løysingar for utferding av brukarkort
- Utferde brukarkort til godkjende brukarar
- Inngå avtaler med transportørar
- Kontrollere krav frå transportør og utføre utbetaling/oppgjær til transportør for utført TT-transport

6.4 Transportør sine oppgåver

- Gjere seg kjent med retningslinjer for TT-ordninga
- Utføre transport i høve retningslinjene
 - Ved behov rettleie brukarane i rett bruk av TT-ordninga

6.5 Brukaren sine oppgåver

- Sende inn søknad til kommunen
- Skaffe erklæring frå lege/spesialist på standardisert skjema som skal leggest ved søknad
- Berre nytte brukarkortet til fritidsreiser
- Melde frå til kommunen om ein ikkje lenger oppfyller kriteria for godkjenning

7. Godkjenning og endring av retningslinjer

Desse retningslinjene er godkjende av hovudutval for samferdsle. Endringar skal godkjennast av hovudutval for samferdsle.